

Til Osterøy kommune

Post@osteroy.kommune.no

Kjell Systad
Fotlandsvegen 123
5290 Lonevåg.
01.08.2023

Søknad om deling av landbrukseiendom

Eg, Kjell Systad, ber om samtykke til deling av min landbrukseiendom 73/3 i Osterøy Kommune.

Eiendommen er på 371 906,6 kvadratmeter og består av to teiger. Eiendommen er i dag ei einig, men eg ønsker å dele den i to deler. Den eine delen vil eg behalde sjølve, og den andre delen vil eg selja til ein som allereie bruker det relevante arealet. Bruket har tidlegare hatt sau, men er no nedlagt. Nordlege del av arealet er brukt til beite sommarstid. I følgje Gardskart.no er hovudarealet produktiv skog med 267 dekar. Det er ikkje registeret fulldyrka eller overflatedyrka areal. 30 dekar er innmarksbeite. Arealet er delt i to teigar i dag og har eit område nordvest for den største teigen. Denne teigen vil være urørt av delinga. Sjå kart i vedlegg 1.

Eiendommen har i dag eit eldre våningshus som ikkje er i bruk, ein nyare sauefjøs bygd med plater, jordkjellar og eit uthus. Alle desse vil være att på den eiendommen som blir behalde.

Området er omfatta av kommuneplan 2011-2023 og er regulert til LNFR i dag.

Eg meiner at deling av eiendommen vil være til det beste for området og sikre vidare drift av sagbruket som nyttar området til virkeslager for tømmer og material. Ny eigar vil kunne drive eiendommen meir effektivt, og eg vil kunne behalde største delen av eiendommen sjølv. Den nye eigaren driv innan skogbruk i dag og vil ha god nytta av eit slikt areal vidare frametter. Eit sal vil også sikre 73/3 tilgang til veg og uttak av resterande skog via 72/12. Det vil ikkje følga andre rettigheiter for kjøpar knytt til sal.

Formålet med frådelinga er å bidra til vidare drift av sagbruket, sikre tilgang til eigen skog og utnytte skogen nær tilkomstveg. Framtidig område er tenkt som velteplass og virkeslager og vil gje det tradisjonsrike sagbruket rom for vekst og utvikling. Det er ønskeleg å samle velteplass nærare sagbruket og vekk frå trafikkert område langs Barsvatnet og langs Svenheimsvegen. Eit samla virkeslager vil også gje mindre omlastingsbehov og reduserte utslepp pga. mindre køyring. Samling av lager krev større plass for Solberg sagbruk, men det planleggast eit lavt fotavtrykk med bruk av flis som køyregrunnlag.

Delingsarealet har i dag vore utleiga gjennom ein 10 års avtale og nytta som lager og mottak av tømmer. Området ligg relativt skjerma til frå vegen og er derfor ikkje til sjenanse for naboar eller fare for born.


Eg har vedlagt følgende dokumentasjon:

- Vedlegg 1 Kart over eigendommen
- Vedlegg 1 Skildring av eigendommen frå gardskart.no
- Vedlegg 2 Dagens leigeavtale
- Vedlegg 3 Utsagn frå den nye eigaren om å drive eigendommen.

Om noko treng å utdjupast ytterlegare, ta kontakt

Med venleg helsing

Kjell Systad



Kjell Systad

Mobil 908 85 114